

Nytt skrog til Eidsvik denne veka

07.10.2009



Uhellskroget kjem til Eidsvik denne veka. Her er det i dokk i Tyrkia etter berginga. (Foto: Helge Enes)

I slutten av denne veka, 16 månader etter opprinnelig avtala tidspunkt, kjem skroget til byggenummer 75 til Eidsvik Skipsbyggeri, melder Kvinnheringen.

Det er skroget som havarerte i Bosporus for snart eitt år sidan. Skroget vil bli fortøydd ved Børnes-kaia til Eidsvik er ferdig med båten som no er under arbeid og som kom til Uskedalen i april.

Slepet av skroget som no er underveis hadde eit lite opphold i Rotterdam og starta derifrå mandag morgen.

Opphaveleg skulle dette skroget vore på plass ved verftet allereie i juni i fjor. Men det tyrkiske verftet brukte lengre tid enn planlagt og ny leveringsdato vart 20. oktober.

Eitt døger etter at slepet starta kom det ut i uver og slepebåten måtte kutta slik at skroget enda i fjøresteinane ved innseglinga til Bosporus-stredet og fekk store skadar. Uhellet skapte store sysselsettingsproblem for Eidsvik.

Verftet fekk i staden oppover skroget som opphaveleg skulle vera til supplybåt nummer to og på dette har det vore full sysselsetjing i den seinare tid.



Arbeidet med det nye skroget går no for fullt hos Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)